



Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
	Kommunestyret	

Rapport Folkeetråkk 2025

Vedlegg:

18.02.2026

rapport folkeetråkk 2025 med prioritering

288240

Saksopplysningar:

Før KPS vart vedteken, har Vang kommune gjennomført "Folkeetråkk". Det vart gjennomført på bakgrunn av nasjonale føringar som Leva heile Livet, Meld. St. 24 Fellesskap og meistring, Aldersvennleg samfunn, folkehelselova og FN-konvensjonen /CRPD.

Folkeetråkk er eit DOGA-utvikla verktøy til bruk i planprosessar for å sikre den lovpålagde medverknaden frå publikum. Formålet er å sikre god forankring i befolkninga når det gjeld stads- og områdeutvikling, og på den måten sikre berekraftige lokalsamfunn og gje gode løysingar som fungerer både fysisk og sosialt for brukarane / befolkninga. Det blir rekna for særleg viktig at brukarmedverknad skjer allereie på eit tidleg stadium i planprosessane.

Hovudmålet dekkjer mellom anna tilgjengelegheit av bygg og infrastruktur for alle. Det handlar om at me skal bu heime lengst mogleg, kunne vera med å delta i nærmiljøet, ha aktivitetar me har lyst til å vera med på og høva til å komma oss dit.

Forhold til kommuneplan, areal-/ samfunnsdel:

Hovudmål KPS kap. 4 – 4.1 : Vang skal vere eit inkluderande, trygt og mangfaldig samfunn i tråd med FN konvensjonen CRPD

Oppsummering frå synfaringar:

Mange tiltak kan gjerast noko med på kort sikt. Tiltak krev innsats, tid og økonomi. Arbeidsgruppa skal i samarbeid med teknisk etat sjå på rapporten og lage ein realistisk plan. I nokre tilfelle må andre instansar involverast fordi ansvaret ligg ikkje i kommunen

Vang har bakker, snø, is og ein del vind. Det skaper utfordringar om vinteren. Risiko for fall er mykje større og fører til immobilitet og isolasjon i vinterstid, fordi det er utrygt utandørs.

Permanente aldersvennlege tiltak kan vere økonomisk krevjande. Desse tiltaka må sjåast i samband med sentrumsutvikling. Inntil permanente tiltak er på plass, er det viktig med andre aldersvennlege tiltak som hjelper å tryggja innbyggjarane og gir dei moglegheit å delta i samfunnet.

Me har også sett godt meinte tiltak som dessverre ikkje tilfredsstiller dagens krav. Me meiner at det er viktig at etat for landbruk og teknisk og arbeidsgruppe levande lokalsamfunn etablerer eit meir tydeleg samarbeid for å bruke kvarandre sine kompetansar og sikra at tiltak treff.

Leiesystem (dvs. leielinjer, merksemdfelt, varselfelt m.m.) er del av eit internasjonalt språk som bidreg til at fysiske omgivnader blir lesbare for alle – også svaksynte og blinde. I Vang manglar det ledelinjer inne og ute ved offentlege bygg. Eller dei oppfyller ikkje kravet.

Vang kommune er ein trafikksikker kommune. Me har oppdaga ein del ikkje-trafikksikre situasjonar / område. Fysisk aktivitet gjer folk friskare. Trafikktryggleik er viktig for alle, også når ein går, sykklar eller køyrer rullestol.

Vurdering:

Rapporten frå folketråkka viser til ein del utfordringar på kort sikt og på lang sikt.

Ein del tiltak kan gjennomførast utan at det er store kostnader. Etat for landbruk teknisk har vurdert kva som kan gjennomførast i 2026.

Tiltak som medfører kostnader, må ein vurdere om kan prioriterast i budsjett 2027. Større tiltak må ein sjå i samanheng med nye bygg og utvikling av areal der det skal byggjast. Til dømes sentrumsutvikling.

Ryfoss sentrum bør gjerast noko med på sikt. Sidan me er ein trafikksikker kommune, bør det planleggjast forbetringsarbeid på sikt.

Det skal jobbast på tvers av etatar. Politiske råd skal involverast.

Me tilrår følgande: Tiltaka frå folketråkkrapporten skal gjennomførast. Dei blir forankra i framtidige planar (inkludert økonomiske rammer).

Framlegg til vedtak:

Kommunestyret i Vang vedtek tilrådingane frå folketråkk rapporten, og at aktuelle tiltak blir innarbeidd i forslag til årsbudsjett og handlings- og økonomiplan.